



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 21.03.2018

**Til:** Fylkesutvalet, møte 4. april 2018

**Frå:** Fylkesrådmannen

### **Samarbeid mellom Ningxia, Kina, og Sogn og Fjordane fylkeskommune.**

Fylkesrådmannen viser til FU-møtet 7.mars 2018, og til spørsmålet frå Ningxia om å ta oppatt kontakten som vart etablert tidlegare. Jf. også brev under «Skriv og meldingar», dokument nr 10, til nemnde møte.

Fylkesutvalet bad, etter ei første drøfting 7. mars 2018, om eit notat etter at fylkesordføraren hadde fått drøfta spørsmålet med fylkesordføraren i Hordaland.

Denne drøftinga fann stad 9. mars 2018. Fylkesordføraren opplyste etter dette følgjande:

1. Hordaland hadde venskapssamarbeid med ein anna provins i Kina. Dei har ikkje mottatt spørsmål frå Kina om å ta opp igjen venskapssamarbeidet.
2. Sogn og Fjordane bør på eige initiativ vurdere om det er ynskjeleg å ta opp att sitt samarbeidet med Kina.

#### Tidlegare Kina-samarbeid:

Fylkeskommunen si Kina-satsing starta tidleg på 2000-talet, og omfatta m.a. initiativ knytt til (oversikten er ikkje uttømmande):

- Innsats for å etablere reiselivssatsing gjennom samarbeid mellom Den kinesiske mur, Pyramidene i Egypt og Sognefjorden (Nærøyfjorden) – alle med verdsarvstatus.
- Politikardelegasjoner frå Ningxia til Sogn og Fjordane og omvendt.
- Støtte til filmproduksjonar som presenterte Sogn og Fjordane på kinesisk TV.
- Forsøk på etablering av eit UWC i Ningxia (samarbeid med RCNUWC i Fjaler) – eit UWC vart etablert i Kina, men i ein annan region.
- Kultur-/ungdomsutveksling med Ningxia.
- Samarbeid om å betre funksjonshemma sine vilkår i Ningxia (via Fredskorpset).

Vestlandsrådet etablerte for sin del eit samarbeid med ein annan kinesisk provins, Ningbo. Her var satsinga m.a. knytt til næringsutvikling gjennom er inkubatorordning.

#### Refleksjonar rundt eit mogleg fornaya Kina-samarbeid

Fylkesrådmannen noterte seg ulike tankar i høve eit mogleg fornaya Kina-samarbeid på møtet 7.mars. Dette går både på kva rolle fylkeskommunen kan/bør ha i denne typen internasjonalt arbeid, og det går på mogleg innhald. Om vi ser på dei initiativa som vart tatt tidlegare, er det gode føremål som på mange måtar kan stå seg også framover, der stikkord som demokratisering, klima/miljø/teknologi, kultur/opplæring, reiseliv kan gi retning. Skal vi gi innhald til eit fornaya samarbeid, treng vi tenkje strategisk rundt innhald, og samarbeid med ev. aktørar ute, der lokal forankring og globalt perspektiv vert veklagt. Dersom fylkesutvalet meiner det er aktuelt å ta

oppatt denne kontakten, trur fylkesrådmannen bør det gjerast ein analyse på førehand med tanke på:

- a) Kva kan vi/Sogn og Fjordane tilføre det kinesiske samfunnet av verdiar og utvikling?
- b) Kva kan dette samarbeidet tilføre oss?
- c) Kva krevst for å handtere og utvikle ein slik kontakt, og har vi den kapasitet og kompetanse som må til?

*Fylkesrådmannen si vurdering*

Avslutningsvis vil fylkesrådmannen peike på at eit ev. fornya samarbeid vil vere eit tids- og ressurskrevjande arbeid. Det vil difor vere heilt naudsynt å tilføre friske ressursar til eit ev. slikt arbeid. Den store saka som tek kapasitet no, er samanslåinga med Hordaland, og fylkesrådmannen meiner vi manglar både kapasitet og truleg også kompetanse dersom samarbeidet med Kina skal takast opp att.

Fylkesrådmannen legg fram denne saka utan tilråding. Eg meiner såleis at saka bør avgjera på politisk side.